

Skjema 33 Eigedomsskatt i kommunane for 2023

Føremålet med skjemaet

Føremålet med skjema 33 er å få fram data om eigedomsskatt og korleis denne er innretta for **2023**. Vi ber altså om opplysningar om eigedomsskatt for inneverande år, **2023**, og ikkje for fjoråret, slik det er for dei fleste andre KOSTRA-skjema.

Særskilt for kommunar som er slått saman:

- a) Kommunar som har fastsett både nytt eigedomsskatteregime og harmonisert satsar med vidare i heile den nye kommunen i 2023: Kommunen fyller ut skjema 33 på vanleg måte.
- b) Kommunar som nyttar seg av overgangsordninga for harmonisering av skattesatsar: Kommunen fyller ut med det eigedomsskatteregimet som gjeld i den nye kommunen i 2023, men svarer ikkje på spørsmål om data som ikkje er harmonisert i heile kommunen, til dømes generell og differensiert skattesats, takstår med vidare.

Spørsmål 2.2

Skjemaet gjeld for alle dei ulike områda kommunen kan skrive ut eigedomsskatt på ifølge § 3 a)-g) i eigedomsskattelova. Kommunen fyller ut eit av dei 7 alternativa for kva område kommunen skriv ut eigedomsskatt for.

Spørsmål 2.3

Eigedomsskattelova §§ 11 til 13 regulerer kva for skattesatsar kommunane kan nytte ved utskriving av eigedomsskatt. Av § 11 kjem det fram at satsen generelt må liggje i intervallet 1-7 promille av takstverdet, men skattesatsen for bustader og fritidsbustader kan maksimalt vera 4 promille av takstverdet. Utgangspunktet er at kommunestyret fastset ein generell skattesats som gjeld for alle typar eigedomar. Her skal ein gje opp den generelle skattesatsen for 2023.

Spørsmål 2.4

Høvet til å fastsetje ulike skattesatsar for ulike typar eigedomar regulerast av eigedomsskattelova § 12. Dette spørsmålet skal ein berre svare på om kommunen har ein skattesats for bustadar og fritidsbustader som skil seg frå den generelle satsen gjeven i spørsmål 2.3.

Spørsmål 2.5

Her ber vi dykk svare på frå kva år kommunen hadde nye takstar som følgje av sist utførte alminnelege taksering av alle eigedomar med skatteplikt i kommunen.

Spørsmål 2.6

Kommunestyret kan kvart år velgje å gje eit botnfrådrag for bustader/fritidsbustader, jf. eigedomsskattelova § 11 andre ledd. Botnfrådraget er eit valt kronebeløp, og dette kjem til frådrag i eigedomsskattetaksten redusert med 30 %. Botnfrådrag kan innførast/aukast/senkast/fjernast frå det eine året til det andre.

Spørsmål 2.7

Vi ønskjer med spørsmålet å få informasjon om eigedomsskattetrykket for ein bustad i kommunen. Nedanfor er nokre stikkord som kan vere retningsgivande for å angje størrelsen på eigedomsskatten:

- Einebustad på 120 kvadratmeter (bruksareal), ein etasje utan kjellar.
- Ikkje garasje
- Tomt på 1000m²

Kommunen kan nytte følgjande metode for berekning:

{[(Sjablongverdi (m²-pris) for einebustader utan å korrigera for sonfaktor, byggjeår eller faktorar basert på skjønn x 120) + (tomtepris per m² x 1000)]x0,7} x skattesats.

Døme: $\{[(12000 \times 120) + (75 \times 1000)] \times 0,7\} \times 0,005 = 5302,5$ kroner. Dersom kommunen har innført botnfrådrag, trekkjes dette i frå før ein multipliserer med skattesatsen.

Spørsmål 2.8

Her ber vi dykk svare på om kommunestyret gjev fritak frå eigedomsskatt for nye bustader. Ein kan gje fritak i opptil 20 år frå den tida bygningen vart ferdig, jf. eigedomsskattelova § 7c.

Spørsmål 2.9

Her ber vi dykk svare på om kommunestyret gjev fritak frå eigedomsskatt for historiske eigedomar som til dømes er freda, jf. eigedomsskattelova § 7b.

Spørsmål 2.10

Her ber vi dykk svare på om kommunestyret gjev fritak frå eigedomsskatt for fritidsbustader, jf. eigedomsskattelova § 7e.

Spørsmål 2.11

I staden for kommunal taksering av bustader, kan kommunen nytte seg av Skatteetatens formuesgrunnlag (bustadverdet) ved verdsetjing av bustader, jf. eigedomsskattelova § 8 C-1.